



Hardangerrådet iks



Hardanger

### Referat frå møte i Rådmannsforum

**Dato: Fredag 25.09.2015**

**Tid: 09.00 -15.00**

**Møtestad: Hovedlageret, Smelteverkstomta Odda**

**Rådmenn:** Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Magnhild Grønningsæter (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ingrid Guddal (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik)

**Administrasjon:** Jostein Eitrheim (Hardangerrådet iks) Sekretær, Trude Rinaldo (Hardangerrådet iks) Magne Vassenden (Samhandlingsreforma) under sak 23/15.

**Forfall:** Trude Letnes (Granvin)

**Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.**

#### **Agenda:**

**09.00 Sakshandsaming Rådmannsforum**

**11.00 Lunsj**

**12.00 Samhandlingsreforma i Hardanger. Styringsgruppemøte**

**15.00 Møteslutt**

#### **Merknader til møteinnkallinga:**

Nokre dokument vart sendt ut seint. Dette gjer det vanskeleg å førebu seg til møtet.

#### **Sakliste Rådmannsforum:**

Alle saker er samrøystes vedtekne om ikkje anna er særskilt nemnt.

#### **RF-sak 22/15 Meldingar**

Det var ingen framlagde meldingar

#### **RF-sak 23/15 Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.**

Prosjektlear Magne Vassenden orienterte om gjennomføringa av prosjektet.

Prosjektoppgåvene vart gjennomført og det vart gjort følgjande vedtak:

#### **Vedtak:**

##### Prosjektoppgåve 1: Nettverk for folkehelsekoordinatorane i Hardanger og Voss

1. Nettverk for folkehelsekoordinatorane vert vidareført.
2. Nettverket skal rapportera om aktiviteten til kommunane.
3. Kvam herad har ansvaret for å kalla inn til første møte i nettverket.

##### Prosjektoppgåve 2: Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin i Hardanger og Voss.

1. Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin i Hardanger og Voss vert vidareført.
2. Nettverket skal rapportera om aktiviteten til kommunane.
3. Kommuneoverlegen for Eidfjord/Granvin/Ulvik får ansvar for å kalle inn til første møte i nettverksgruppa etter at formelt vedtak er fatta.

### Prosjektoppgåve 3: Samarbeid om prehospitala tenester

1. Prosjektoppgåva vert følgd opp i nyoppretta prosjektgruppa i Helse Bergen
2. Prosjektgruppa må etablere god dialog med ansvarlege for akuttmedisin og beredskap i Helse Fonna.

### Prosjektoppgåve 4: Nytt Nødnett i Hardanger og Voss

1. Innføring av nytt nødnett skjer etter modell som skissert i *rapporten*.
2. Kommunane tek høgde for dokumenterte meirutgifter i budsjetta for 2016

### Prosjektoppgåve 5: Rus og psykisk helse

1. Det vert ikkje tilrådd etablering av nye møtefora
2. Kommunane og helseføretaka bør i fellesskap satse på kurs og opplæring
3. Utarbeidd forslag til interkommunal undervisning hausten 2015 vert godkjent
4. Det vert utarbeide nytt undervisningsprogram for 2016 etter modell som skissert i vedlagt rapport
5. Styringsgruppa oppmodar HelseBergen til å søkja om prosjektmidlar til etablering av ACT-team i Voss lokalsjukehusområde.
6. Kommunane og helseføretaka må ha fokus på brukarperspektivet
7. Styringsgruppa kjem attende til evt. etablering av nytt prosjekt når tilrådingane i Stortingsmelding 26 ( 2014-2015 ) er avklart.

### Prosjektoppgåve 6 Kommunal Rehabilitering

1. Kvardagsrehabilitering vert tilrådd i alle kommunane. Prosjektgruppa har skissert konkrete planar for korleis dette kan følgjast opp.
2. Når Helsedirektoratet har lagt fram ny rettleiar for ansvars- og oppgåvedelinga innan rehabiliteringsfeltet vert det vurdert om det skal etablerast samarbeid om rehabiliteringstilbod i institusjon lokalisert til i Kvam, Odda og eventuelt Voss.
3. Det vert ikkje tilrådd endringar i etablerte samarbeidsstrukturar

### Prosjektoppgåve 7: Sekretærfunksjon for Samarbeidsorgan Voss Lokalsjukehusområde og Odda Lokalsjukehusområde.

#### Voss lokalsjukehusområde;

1. Kommunane i Voss lokalsjukehusområde etablerer ei felles rådgjevarstilling med 40 % stillingsressurs.
2. Oppgåver og kompetansekrav er som skissert i overordna samarbeidsavtale § 6,5.
3. Samarbeidet vert organisert etter vertskommunemodellen. med Voss kommune som vertskommune.
4. Voss kommune dekker utgiftene ut 2016. Deretter vert det ny vurdering av korleis stillinga skal finansierast
5. Samarbeidssekretariatet vert utfordra til å greie ut samarbeid med Universitet/forskingsinstitusjonar/HIB etter modell som etablert i Helse Fonna

#### Odda lokalsjukehusområde;

1. Ordninga med felles 50 % stillingsressurs frå kommunane til FOUSAM held fram til evalueringsrapport ligg føre. (haust 2015)
2. Kostnader vert fordelt etter etablert finansieringsmodell. (20 % fast/80 % etter folketal)

### **Styringsgruppa utset handsaming av sluttrapport frå Prosjektgruppe 7 til 01.10.2016.**

### Prosjektoppgåve 8: Miljøretta Helsevern

Kommunane Jondal, Kvam, Granvin, Ulvik og Voss etablerer samarbeid om miljøretta helsevern etter følgjande opplegg;

1. Ansvaret for miljøretta helsevern etter kap. 3 Miljøretta helsevern i Folkehelseloven skal framleis liggje i den einsskille kommune. Oppgåva vert delegert til kommuneoverlegen.
2. Det vert etablert ny stilling for miljøingeniør lokalisert til Kvam. Organisering: Verts kommunemodellen. Stillingsinstruks vert utarbeidd. Miljøingeniøren vil handle på delegert mynde frå dei respektive kommuneoverlegane.
3. Samarbeidsmodellen er tufta på
  - o Fellesmøte mellom kommuneoverlegane og mattilsynet årleg- i samsvar med etablert praksis.
  - o Fellesmøte mellom Folkehelsekoordinatorane og kommuneoverlegane 1 gong årleg. Fleire møte ved dokumentert behov.
  - o Tal møte i nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin, dvs legar i samfunnsmedisinsk arbeid supplert av miljøkompetanse vert fastsett av nettverksgruppa gjennom vedtak av møteplan.
4. Det vert utarbeidd plan for miljøretta helsevern med tilsynsplan for samarbeidande kommunar hausten 2015. Plangruppa får slik samansetting;
  - o 2 rådmenn og 2 kommuneoverlegar
  - o Sekretærfunksjonen vert dekkja av prosjektleiar i 2015.
5. Planen skal tuftast på styringssignala i rapport frå prosjektgruppe 8. Den skal innehalde forslag til budsjett og finansieringsplan. Moglege omstillingstiltak for å dekke auka kostnader skal drøftast Om praktisk mogeleg skal vere klar innan utgangen av 2015. Planen skal og innehalde konkret forslag til etablering og opplegg for evaluering.

### **Styringsgruppa utset handsaming av sluttrapport frå Prosjektgruppe 8 til Voss kommune si evt. deltaking er avklara.**

### Prosjektoppgåve 9: Sjukeheimsmedisin

1. Styringsgruppa tilrår at prosjektgruppa vert avslutta.

### **RF-sak 24/15 Møtereferat Rådmannsforum i Jondal 05.06.2015 i Jondal**

Møtereferat vart gjennomgått.

#### **Vedtak:**

Referat vart tatt til orientering

### **RF-sak 25/15 Saker frå Regionrådsmøte i Ulvik 17.09.2015 Orientering v/ Dagleg leiar**

Referat frå regionrådsmøte vart gjennomgått.

#### **Vedtak:**

Referat tatt til orientering

### **RF-sak 26/15 Kommunestruktur – gjensidig orientering og drøfting**

Ulvik: Utarbeider innbyggjarundersøking Denne er felles for Ulvik, Granvin og Eidfjord

Dei same kommunane gjennomfører felles folkevaldopplæring

Granvin: Same status som Ulvik

Eidfjord: Same status som for Ulvik og Granvin. Hardanger ungdomsting – Orienteringar om ny kommunestruktur v/ordførar Ingebjørg Winjum og ordførar Jon Larsgard

Jondal: Liten aktivitet etter fellesmøtet i Eidfjord.

Kvam: Liten aktivitet etter fellesmøtet i Eidfjord. Er i startfasen med utgreiing saman med Fusa og Samnanger.

Ullensvang: Liten aktivitet etter fellesmøtet i Eidfjord. Ikkje avklart korleis heradet vil gjennomføra innbyggjarundersøking og folkevaldopplæring.

Odda: Gjennomført møter i styringsgruppe. Det er gjort kommunestyrevedtak ift. Tidsplan for det vidare arbeidet.

**Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande. Rådmannsforum ønskjer ei drøfting av mogeleg felles innbyggjarundersøking.

**RF-sak 27/15 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet**

Arild Steine:

Nytt inntektssystem for kommunane.

Bilaterale møter. – Viktig med innspel

Orientering om:

Hardanger Breiband. – Status

Domstolsadministrasjonen på rundreise. Lofthus 5. okt. – 1 tingrett for heile Hordaland. Dvs. Hardanger Tingrett vil med ei slik endring verta nedlagt. Innstilling til dep. før jul. 2015.

Langsiktig satsing på klart språk. – Kurs for rettleiarar. Kurs 9. og 10. desember Hordaland

**Vedtak:**

Arild Steine utarbeider forslag til vedtak ift. Uttale til «Nytt inntektssystem for kommunane». Info/saker frå sentralt rådmannsutval v/ Arild Steine. Fellesdrøfting av slike saker er ønskeleg. Rådmannsforum ønskjer info i saker som er av interesse for dei øvrige Hardangerkommunane.

Hardanger Breiband – Dagleg leiar undersøker status i avtalegrunnlag.

Jostein Eitrheim  
sekretær